



KOPI

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/681 - 19/10372

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
16.05.2019

Godkjenning - GBNR 26/69 mfl. - Løyve til etablering av vass- og avlaupsleidningar på land og i sjø, samt pumpeleidning for spillvann - Sundet

Administrativt vedtak. Saknr: 111/2019

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar, Meland kommune, søkt om løyve til plassering av vass- og avlaupsleidningar på land og i sjø. Ny vassleidning er planlagt på sjøbotnen mellom Litlebergen og Isdalstø med eit kort stykke i grøft over Håøya, totalt 2800 meter leidning. I samband med legging av ny vassleidning er det søkt om ein framtidig pumpeleidning for spillvatn. Denne skal avsluttast i strandsona aust på Håøya, for evt. vidareføring til Lindås/Knarvik på et seinare tidspunkt.

Det er òg, etter ønske frå Bergen & Omland Friluftsråd, søkt om at det leggst VA-leidningar til eit friområde aust for Litlebergen, med tanke på å betre utnyttinga av området til friluftsføremål. Disse mindre VA-leidningane er søkt plassert parallelt med overføringsleidningane frå Litlebergen og avsluttast inntil vidare på sjøbotnen i påvente av ein overordna plan for området.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og leidningsnett. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.03.2019, supplert 08.05.2019 og komplett den 14.05.2019.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Manglande uttale frå Kystverket vart meldt til ansvarleg søkjar ved e-post av 10.04.2019. Etterspurt dokumentasjon vart motteken ved e-post frå ansvarleg søkjar 08.05.2019. Uttale frå Fiskeridirektoratet vart etterspurd 14.05.2019, og motteken same dag. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

VURDERING

Lov- og planstatus, samt plassering av tiltak

Plassering av vass- og avlaupsleidningar er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3.

Tiltaket er omsøkt plassert i et område som delvis er regulert gjennom *Reguleringsplan for Litlebergen*, planid: 125660060004, og delvis på eit areal som er satt av til framtidig bebyggelse og anlegg, BE_1 og omsynssone friluftsliv H530_2 i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Under føresetnad av at plasseringa ikkje gjer varige sår i terrenget og etablerte stiar og turområde vert teke vare på, er ikkje tiltaket i strid med arealformåla, jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkningsuttalelse datert 10.06.2015, ref: 15/2054-3.

Vidare ligg arealet innanfor byggjeforbodet i strandsona, som vist på kommuneplanen sitt arealkart. Føresegn § 1.6 pkt. 6 til KPA legg til grunn følgjande:

«Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege».

Under føresetnad av at inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende, er tiltaket etter dette ikkje i strid med byggjeforbodet i strandsona. Dette følgjer også direkte av ovannemnde uttalelse frå departementet.

Meland kommune vurderer etter dette at plassering av vass- og avlaupsleidningar, samt pumpeleidning for spillvann som omsøkt, ikkje er i strid med gjeldande arealformål og byggeforbod i strandsona, og kan difor tillatast.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Bergen havn om tillating til legging av sjøleidningar datert 18.02.2019. Bergen havn videresendte søknaden til Kystverket som rette mynde for behandling ihht. havne- og farvannsloven (hfl.) §§ 7 andre ledd og 27 andre ledd. Videre krysser leidningane kommunegrensa mellom Lindås og Meland kommune, og søknaden er i tillegg oversendt til Kystverket iht. Forskrift som krev tillatelse frå Kystverket (tiltaksforskriften) § 1 bokstav g).

Det er òg henta inn uttale frå Fiskeridirektoratet datert 06.03.2019, Fiskarlaget Vest datert 05.03.2019 og Hordaland fylkeskommune i høve Kulturminnelova datert 13.02.2019.

Meland kommune legger til grunn at uttale frå naudsynte styresmakter i høve plassering og utføring av tiltak i sjø er innhenta, og legg til grunn at vilkår som er satt frå anna styresmakt blir følgt opp.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering ift. nabogrense

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsyna til branntryggleik, lys og luft ikkje får betydning her. Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det følgjer av pbl § 27-1 første ledd at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annan måte som kommunen godtar som tilfredsstillende».

Ansvarleg søker opplyser følgjande om eigedomsforhold og plassering av leidningar i søknaden:

«Ved Litlebergen føres de 4 ledningene ut gjennom grøft på land, under en bryggekonstruksjon og videre ut under flytebryggeanlegg. Meland kommune har vært i kontakt med grunneier og inngår separat grunneieravtale.

På Håøy legges VA-ledningene i det området som er avsatt til utbygging i kommunedelplanen. Meland kommune har vært i møte med tiltakshaver for utbyggingen og det er enighet om plassering av ledningene.

Ved Isdalstø (Lindås kommune) er det lagt ut vannledning i sjøen i et tidligere prosjekt, nettopp med tanke på en planlagt tilkobling fra Meland. Arbeidene her vil ikke berøre grunneiere.

Ved Håøy øst avsluttes de små ledningene på ca. 3 meters vanddyb, for videreføring på et senere tidspunkt. Arbeidene berører ikke grunneiere».

Meland kommune legg til grunn at avtalar med dei aktuelle grunneigarane blir utarbeida og signert. Avtalane må sendast til kommunen for registrering på saka før arbeidet kan setjast i gang. Kravet etter pbl § 27-1 første ledd er oppfylt når kommunen har mottatt signert avtale frå dei aktuelle partane som nemnd ovanfor.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Vestland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Ansvarsrett

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 14.03.2019 og oppdatert

09.05.2019. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a) løyve til plassering av vass- og avlaupsleidningar, samt pumpeleidning for spillvann, som omsøkt i strekning frå Liltebergen frå gbnr. 26/69 mfl. over Håøya og vidare til Isdalstø på følgjande vilkår:

1. Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte kart merket vedlegg D1-D2 og E1-E2, journalført motteke 14.03.2019, og terrenget skal vert ført attende.
2. Vilkår frå Kystverket i uttale datert 06.05.2019 skal etterkommes.
3. Det skal takast omsyn til uttale frå Fiskarlaget Vest datert 05.03.2019, uttale frå Fiskeridirektoratet datert 06.03.2019 og uttale frå Hordaland fylkeskommune datert 13.02.2019.
4. Signert avtale med grunneigarar av gbnr. 26/69, 26/21, 26/65 og 26/15 på Litlebergen og grunneigar av gbnr. 1/1 og 1/90 på Håøya skal sendast til kommunen før arbeid vert sett i gong.

Signerte avtaler med nemnde grunneigarar må sendast til kommunen for registrering på saka før arbeid kan setjast i gong.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/681

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
Vedlegg gjennomføringsplan

Kopi til:

Fiskeridirektoratet Region Vest

Postboks 185 5804
Sentrum

BERGEN

Meland kommune

Postboks 79 5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Norconsult AS

Postboks 626 1303

SANDVIKA